

Samarbeidsavtale

mellom

Sunnfjord kommune og Sunnfjord idrettsråd

1. Avtalepartar

Avtalepartar er Sunnfjord kommune v/kommunedirektør og Sunnfjord idrettsråd v/leiar

2. Avtaleperioden

Avtaleperioden gjeld frå 01.01.2020, og samsvarer med overgang til ny kommune i indre Sunnfjord frå 2020. Avtalen kan evaluerast etter to år og skal reviderast når ein av partane finn det nødvendig.

3. Samarbeidsavtalen skal vere med å:

- fremje felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i kommunen
- sikre god samordning og kommunikasjon mellom kommunen og idretten
- klargjere viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar til samarbeidet
- sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til idrettsanlegg og aktivitet

4. Idrettsrådet sin rolle

Idrettsrådet er eit fellesorgan for all idrett i Sunnfjord kommune som er organisert i Norges Idrettsforbund gjennom Vestland Idrettskrins og underlagt NIF sine lover og vedtekter.

Sunnfjord idrettsråd skal arbeide for best mogleg vilkår for idretten i kommunen og vere ein arena for samarbeid mellom laga og kommunale myndigheiter og mellom laga og Idrettskrinsen.

Idrettsrådet skal vere Sunnfjord kommune sitt fagråd.

Idrettsrådet skal gjere samla prioriteringar på vegne av idretten til kommunen.

5. Samarbeidsrutinar, høyringsrett, medverknad

Alle saker av felles interesse for idretten skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet. Dette inneber at eit enkelt idrettslag ikkje tek opp ei sak direkte med kommunen når saka har eller kan tenkjast å få konsekvensar for eitt eller fleire andre lag.

Idrettsrådet har rett til å ta del i planarbeidet i kommunen på område som vedkjem idretten sine interesser, som til dømes å vere høyringsinstans eller vere delaktig i planarbeid som vedkjem idretten.

Saker som blir fremja til kommunen av idrettsrådet, skal formidlast til kommunedirektøren ved kommunalsjef for kultur og idrett.

Idrettsrådet skal få seg førelagt saker av felles interesse for idretten og kunne gi uttale til desse.

Partane har ei gjensidig informasjonsplikt i høve saker som vedkjem idretten i kommunen.

Relevant informasjon frå kommunen til idrettslaga blir sendt med kopi til idrettsrådet.

Kommunen har dialog med idrettsrådet i framkant av arbeidet med kommunen sitt drifts- og investeringsbudsjett som vedkjem idrettsfeltet.

Idrettsrådet skal uttale seg om/prioritere tildeling av

driftstilskot/kulturmidlar til idrettslaga.

Gi uttale til økonomiplanen for spørsmål som vedkjem idrett

6. Økonomi.

Kommunen løyver eit årleg tilskot til drift av idrettsrådet.

Idrettsrådet oversender kommunen årsmøteprotokoll, årsmelding og godkjent rekneskap etter årsmøtet.

7. Andre samarbeidsområde- og informasjonsarenaer


Minst ein gang i året vert det lagt til rette for at kommunalt utval for samfunn, kultur og næring kan møte idrettsrådet for å drøfte vilkår og utfordringar for idretten i kommunen. Kommunen kallar inn til møtet.

Idrettsrådet inviterer kommunen til sitt årsmøte og andre felles møtearenaer for idrettslaga i kommunen.

Andre aktuelle saker etter avtale med kommunen

Førde 01.01.2020

Sunnfjord kommune



Ole John Østenstad

Kommunedirektør

Sunnfjord Idrettsråd



Oddvar Huseklepp

Leiar

